

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, del. vedtaksmynde.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Heradsstyret	15.12.2014	069/14	HMOR

Endeleg vedtak i: Heradsstyret	Arkiv: N-009	J.post id.	Arkivsaknr
Saksansv .: Hedvig Moe Øren	Objekt:	14/11969	14/806 - 17

KOMMUNESTRUKTUR. ARBEID MED UTGREIINGAR.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	19.06.2014	Ulvik herad	Særutskrift Kommunestruktur
4	I	04.07.2014	Kommunesektorens organsisasjon	Kommunereformarbeidet i Hordaland - innbyding til ordførarmøte
3	I	04.07.2014	Kommunesektorens organisasjon	Ber om mandat for KS Hordalands medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform
5	I	06.07.2014	Kvam herad	Melding om vedtak HST-sak 069/14 Deltaking i kommunestrukturarbeidet i Hardanger
6	I	14.07.2014	Eidfjord kommune	Melding om vedtak - kommunestruktur
10	I	27.08.2014	Dkg. kommunal og moderniseringsdep.	Invitasjon til å delta i reformprosessen
9	U	27.08.2014	Ordførar Jon Larsgard og rådmann Siv Helle Prestegard	Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål
8	U	27.08.2014	Kvam herad; Ulvik herad; Granvin kommune; Eidfjord kommune	Melding om vedtak: Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål
7	U	27.08.2014	Ordførar John Opdal og rådmann Ingrid Guddal	Kommunestruktur. Utgreiingsspørsmål
12	I	26.09.2014	Voss kommune	Invitasjon til utgreiingsarbeid om kommunestruktur
11	I	26.09.2014	Kommunal- og moderniseringsdeparteme ntet	Nytt rundskriv (H- 8/14) til lov 15. juni 2001 nr 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).
15	I	06.11.2014	Granvin herad	Melding om vedtak - Arbeid med framtidig kommunestruktur
14	I	09.11.2014	Kjell-Gunnar Haugen	Kommunestruktur og framtid i sør Norge
13	I	09.11.2014	Arve Østgaard	Informasjon til kommunen si leing om prisar vedkommande meiningsmålingar om framtidig kommunestruktur.
16	I	21.11.2014	Norges Fjellstyresamband	Kommunereform og fjellstyrer
21	I	04.12.2014	Ullensvang herad v/rådmann Hedvig M. Øren	Prosjektomtale og mandat Ullensvang, Odda og Jondal

20	I	04.12.2014	Ullensvang herad v/rådmann Hedvig M. Øren	Prosjektmtale og mandat Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin
19	I	04.12.2014	Ullensvang herad v/rådmann Hedvig Moe Øren	Prosjektmtale og mandat Ullensvang, Ulvik, Eidfjord og Granvin
18	I	04.12.2014	Ullensvang herad v/rådmanne Hedvig Moe Øren	Prosjektmtale og mandat Ullensvang, Odda og Jondal

Vedlegg:

- Dokument nr. 21: Prosjektmtale og mandat Ullensvang, Odda og Jondal.
- Dokument nr. 20: Prosjektmtale og mandat Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Granvin.

Saksutgreiing:

Rådmannen viser innleiingsvis til sak 30/14 om kommunestruktur som vart vedteken i heradsstyret 30. juni 2014. Heradsstyret fatta slikt vedtak:

“Ordførar får fullmakt til å starta arbeid med utgreiing av mogleg framtidig samanslåing mellom Ullensvang, Granvin, Eidfjord og Ulvik herad som eitt alternativ i denne utgreiingsprosessen. Ullensvang heradstyre ynskjer parallelt å utgreia alternativ Odda, Jondal og Ullensvang. Ordføraren får fullmakt til å gå i dialog med Odda og Jondal kommune.”

Hausten 2014 vart arbeidet med utgreiingar starta både i forhold til Ulvik, Eidfjord og Granvin og i forhold til Odda og Jondal. Ullensvang skal såleis delta i to utgreiingsarbeid:

- 1) Utgreiing i nord: Mogleg samanslåing av Ullensvang, Eidfjord, Ulvik og Granvin
- 2) Utgreiing i sør: Mogleg samanslåing av Ullensvang, Odda og Jondal.

Kvam herad er òg med i utgreiing nr 2. Med grunnlag i heradsstyrevedtaket ovanfor, skal likevel ikkje mogleg samanslåing mellom Kvam og Ullensvang utgreiast.

I det fylgjande vil eg referera til utgreiing nr 1 som “nord” og utgreiing nr 2 som “sør”.

I tillegg til vedtaket ovanfor, viser eg til løypemeldingar frå ordførar og rådmann i formannskapsmøte og heradsstyremøte hausten 2014. Eg viser dessutan til mandat for utgreiing i nord, som vart lagt fram som melding i heradsstyret 3. november 2014.

Ullensvang er den einaste kommunen som er med på utgreiingsarbeid både i sør og nord.

Både i nord og sør har ein starta arbeidet med å gjennomføra utgreiing av moglege framtidige samanslåingar. Heradsstyret er prosjekteigar. I grove trekk kan ein førebels dela baa prosjekta i tre hovuddelar:

- 1. Administrativ utgreiing av status og utfordringar.**
- 2. Politiske forhandlingar om «intensjonsplan»/viljesfråsegn. Framtidige moglegheitsbilete.**
- 3. Involvering av politikarar, tilsette og befolkninga.**

Målet er at heradsstyra i dei involverte kommunane skal ta stilling til spørsmål om kommunesamanslåing våren 2016.

Prosjektplan med mandat for administrativ utgreiing for sør og nord er vedlegg til saka her.

Prosjektplan og mandat for utgreiingane er i hovudsak samsvarande i sør og nord. Det er noko ulikskap, men ikkje på viktige område. Det skal vera mogleg for heradsstyret i Ullensvang å samanlikna dei to utgreiingane.

Når det gjeld **punkt 1** administrativ utgreiing, er det allereie sett ned ei styringsgruppe i nord og ei styringsgruppe i sør som skal fylgje opp denne delen av utgreiinga. Rådmennene i dei involverte kommunane utgjer styringsgruppa for dei administrative utgreiingane både i sør og nord.

Det er naudsynt at heradsstyret finn ein høveleg arbeidsmetode for å gjennomføre **punkt 2** og **punkt 3**. Det er viktig med god politisk forankring og involvering for å kunne utføra dette arbeidet på ein god måte. Rådmannen vil difor foreslå at heradsstyret sett ned et sams styringsgruppe for forhandlingane (punkt 2) og for involvering/informasjon (punkt 3). Det er avgjerande å sikra at desse delane av prosjektet vert gjennomført i tråd med heradsstyret sine føresetnadar og ynskjer. Med bakgrunn i saka sin natur finn rådmannen det naturleg å foreslå at gruppeleiarane i dei seks politiske partia som er representert i heradsstyret vert utnemnt til styringsgruppe med ordførar som leiar.

Styringsgruppa vil vere heradsstyret sitt arbeidsutval i saka når det gjeld arbeidet med å forhandla fram ein «intensjonsplan»/ei viljesfråsegn med dei aktuelle kommunane i nord og sør. Styringsgruppa vil òg få ansvaret for arbeidet med å høyra, involvera og inkludera innbyggjarane i denne viktige prosessen, inkludert arbeidet med å laga ein plan for dette. God involvering og forankring av arbeidet blant folkevalde, tilsette i heradet og ålmenta er avgjerande. Mellom anna vil det vera viktig at Ungdomsrådet i Ullensvang vert involvert. Arbeidet med involvering av innbyggjarane kan til dømes vera å leggja til rette for digital informasjon og å halda folkemøte.

Når det gjeld forhandlingar med dei andre kommunane i nord og sør, foreslår rådmannen at ordføraren er heradet sin forhandlar. Styringsgruppa vil få fortløpande attendemeldingar om forhandlingane, og styringsgruppa vil vurdere dei momenta og forslaga som kjem fram i løpet av prosessen.

Om det er naudsynt å utvide talet på personar som deltek i sjølve forhandlingsmøta ut over ordføraren, finn rådmannen det naturleg at styringsgruppa får mynde til å utpeike ytterlegare medlemmer.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. I samband med saka om kommunereform vert det nedsett ei styringsgruppe som på vegne av heradsstyret skal ha ansvaret for arbeidet med dei politiske forhandlingane med kommunane i utgreiingsarbeidet i sør (Odda og Jondal) og i nord (Ulvik, Eidfjord

og Granvin (punkt 2 ovanfor). Styringsgruppa skal også ha ansvaret for arbeidet med å høyre, inkludere og involvere innbyggjarane i Ullensvang herad i baa utgreiingane (punkt 3 ovanfor).

2. Styringsgruppa skal ha følgjande medlemmer:
 - a. Ordførar Solfrid Borge (Senterpartiet) (leiar)
 - b. Gruppeleiar Høgre
 - c. Gruppeleiar Venstre
 - d. Gruppeleiar Kristeleg Folkeparti
 - e. Gruppeleiar Arbeiderpartiet
 - f. Gruppeleiar Sosialistisk Venstreparti
 - g. Gruppeleiar Senterpartiet

3. I forhandlingane med kommunane i nord og kommunane i sør er ordførar Solfrid Borge heradet sin forhandlar og kontaktperson. Styringsgruppa utnemner eventuelle ytterlegare personar som skal delta i forhandlingane om dette vert aktuelt.

15.12.2014 HERADSSTYRET

Rådmannen orienterte om mandata.

Solfrid Borge (SP) sette fram fylgjande endringsframlegg:

«Endring i høve rådmannen sitt framlegg:

Pkt 2 a) endra til ordførar (leiar)

Pkt 3 ... er ordførar heradet sin forhandlar...»

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg frå Solfrid Borge (SP) vart samrøystes vedteke.

HST-069/14 VEDTAK:

1. I samband med saka om kommunereform vert det nedsett ei styringsgruppe som på vegne av heradsstyret skal ha ansvaret for arbeidet med dei politiske forhandlingane med kommunane i utgreiingsarbeidet i sør (Odda og Jondal) og i nord (Ulvik, Eidfjord og Granvin (punkt 2 ovanfor). Styringsgruppa skal også ha ansvaret for arbeidet med å høyra, inkludera og involvera innbyggjarane i Ullensvang herad i baa utgreiingane (punkt 3 ovanfor).

2. Styringsgruppa skal ha følgjande medlemmer:
 - a. Ordførar (leiar)
 - b. Gruppeleiar Høgre
 - c. Gruppeleiar Venstre
 - d. Gruppeleiar Kristeleg Folkeparti
 - e. Gruppeleiar Arbeiderpartiet
 - f. Gruppeleiar Sosialistisk Venstreparti

g. Gruppeleiar Senterpartiet

3. I forhandlingane med kommunane i nord og kommunane i sør er ordførar heradet sin forhandlar og kontaktperson. Styringsgruppa utnemner eventuelle ytterlegare personar som skal delta i forhandlingane om dette vert aktuelt.